



Notat

Dato

LEIKANGER, 18.09.2018

Til: Hovudutval næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Den kulturelle spaserstokken 2019 - Tildelingar

Etter fullmakt har fylkesdirektøren fordelt midlar avsett i budsjett 2018 (teneste 7710 Kunstformidling) til kommunane til arbeidet med Den kulturelle spaserstokken i 2018.

Bakgrunn

Den kulturelle spaserstokken vart etablert i 2007 og er ei ordning for kulturformidling til eldre. Midlane er lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane, og Sogn og Fjordane sin del av dette i 2019 er 904 000 kr. Det er kommunane som kan søkje på midlane. For 2019 er det 22 kommunar som har søkt midlar.

Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode lokale kunst- og kulturprosjekt for eldre kan utviklast innan eit mangfold av sjangrar og uttrykk. Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunstnarar, kunst- og kulturinstitusjonar og andre kulturformidlarar på lokalt eller regionalt nivå. Det er viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre, og at det er tilgjengeleg på arenaer der eldre har mogelegheit til å delta. Eit godt samarbeid mellom kultur og helsesektor er også ein viktig føresetnad.

Rapport om gjennomføring

Tilskotet gjeld for 2019 og vert betalt ut i desember 2018, på vilkår av at det er levert rapport for eventuell løying i 2017. Tilskotet må gjennomførast i samsvar med planar i søknaden.

Mål og evaluering av søknadane

Fordelinga er gjort i høve dei mål som er sett for ordninga, slik som:

- å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre.
- å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt lokalt, innan eit mangfold av sjangrar og uttrykk.

Følgjande punkt er lagt til grunn for løyingane:

- medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre held til i daglelivet
- at alle kommunane som har søkt skal få støtte
- god søknad/innhald
- god rapportering/innhald
- godt samarbeid mellom kultur og helsesektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (innbyggjarar over 67 år)

Rettleiing og kompetanseheving

Rettleiing til kommunane vert gjeve kontinuerleg gjennom heile året. Det vert jamleg sendt ut informasjon om konserter og ulike aktuelle arrangement samt relevante fagkonferansar. Rundt årsskiftet 2017/2018 vart det arrangert 3 regionale fagsamlingar for kommunalt tilsette der Den kulturelle spaserstokken var tema.

Vedtak om fordeling av midlane

Det er varierande innhald i søkerne, men alle kommunar som søker får tilskot. Folkemengd over 67 år, kvalitet og innhald i søkeren samla, samt kvalitet på dei enkelte tiltaka i søkeren vert lagt vekt på. Gjennomgåande viser kommunane samarbeidsevne tverrsektorelt, med frivillige lag og organisasjonar og profesjonelle aktørar. I år er det også kome ein søker knytt til eit interkommunalt samarbeid i Selje og Vågsøy, som kjem i tillegg til dei samla søkerne frå kommunane. Denne søkeren vert ikkje tildelt midlar. I tilskotsordninga Den kulturelle skulesekken er det kommunane som kan levere søkerne. Dette betyr at kommunen prioriterer tiltak og lever søkerne kommunevis. Eventuelle interkommunale samarbeid må dermed ligge som eigne tiltak i søkeren frå kvar enkelt kommune. Den interkommunale søkeren frå Selje og Vågsøy er ikkje koordinert og vurdert opp mot dei andre tiltaka i dei samla søkerne frå kommunen.

Vedtaket om fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken 2019, er slik:

Askvoll kommune	kr. 40 000
Aurland kommune	kr. 30 000
Balestrand kommune	kr. 30 000
Bremanger kommune	kr. 50 000
Eid kommune	kr. 50 000
Flora kommune	kr. 65 000
Førde kommune	kr. 58 000
Gaula kommune	kr. 45 000
Hornindal kommune	kr. 20 000
Hyllestad kommune	kr. 40 000
Høyanger kommune	kr. 50 000
Leikanger kommune	kr. 35 000
Luster kommune	kr. 50 000
Lærdal kommune	kr. 35 000
Nauvdal kommune	kr. 30 000
Selje kommune	kr. 42 000
Sogndal kommune	kr. 50 000
Solund kommune	kr. 30 000
Stryn kommune	kr. 40 000
Vik kommune	kr. 34 000
Vågsøy kommune	kr. 50 000
Årdal kommune	kr. 30 000
Interkomm. søker. Selje/Vågsøykr.	0
Sum	kr. 904 000